

# **VEDTEKT FOR TILTAKS- OG NÆRINGSFONDET I VALLE KOMMUNE**

## **§1. Heimel, kapital og avkasting.**

### **Fondskapitalen er:**

Næringsfond og konsesjonsavgifter på kr 15.564.908,73 pr. 31.01.2013 innbetalt av kraftverka I/S Ovre Otra, jfr. kgl. res.22.11.1912, 09.07.1942, 03.06.1949, 28.06.1957, 15.09.1961 og 15.11.1974, Sira Kvina Kraftselskap, jfr. kgl. res. 05.07.1963, Finndøla Kraftverk, jfr. kgl.res. 07.04.1961 og Hekni Kraftverk, jfr. kgl.res. 31.10.89.

Av dette står det kr 15.564.908,- på konto pr. 31.01.14, inklusive garantifond.

**Fondskapitalen kan ikke nyttast til lån eller tilskot!**

Avkastinga er:

A. Årlege konsesjonsavgifter som blir innbetalt i medhald av konsesjonsvilkåra som vedkjem Valle kommune.

B. Renter og anna avkasting av fondskapitalen.

**Avkastinga kan nyttast til tilskot og stønadssformer nemnt i §3**

## **§2. Føremål:**

Fonet skal primært nyttast til næringsføremål, men kan også nyttast til kommunale fellestiltak. Av fonet kan det gjevest stønad til prosjekt uavhengig om prosjektet har eit kapitalbehov som kvalifiserer til stønad frå distriktpolitiske verkemiddel som vert forvalta av Innovasjon Norge.

Prosjekt som er med på å betre sysselsettingssituasjonen for ungdom, vert prioritert.

*Det kan ikke gjevest stønad til bedrifter til sanering av gjeld eller til den vanlege drifta av verksemder.*

*Fondsmidlane kan ikke nyttast til den vanlege drifta av kommunen unntake renter og avdrag på investeringar som er gjort i tråd med fondets formål. Unntak er også løn til næringssjef eller tilsvarande for å forvalte fonet.*

Det må visast varsemd med å gje stønad til verksemder som har ein lokal marknad der etterspurnaden etter varer og tenester i den aktuelle næringa, alt er dekka innan kommunen. Til næringar som får betydelege overføringer over statsbudsjettet skal det berre gjevest stønad i spesielle høve som til dømes pilotprosjekt, forsking og utvikling, samt fellestiltak av spesiell verdi.

## **§.3 Stønadssformer**

Stønad kan gjevest som tilskot. Det kan vidare gjevest garanti for kommunale tiltak i den grad desse er gyldige i.h.t. kommunelovas §.51, jfr. departementets forskrifter om kommunale garantiar.

Berre unntaksvis kan midlane nyttast til aksjekapital i private verksemder. Om det vert teikna kommunale aksjar, kan dette ikkje vere meir enn 30% av aksjekapitalen i verksemda. Dette gjeld ikkje ved utviklingsselskap, utleigebygg o.l. som kommunen etablerer i samarbeid med private verksemder.

#### **§.4 Stønadsvilkår**

Samla stønad frå fondet til private næringsformål skal som hovudregel ikkje overstige 30% av prosjektet sitt kapitalbehov. I særskilde høve og ved prosjekt av spesiell verdi for ungdomsarbeidsplasser kan det løvvast inntil 50% av kostnaden. Stønaden skal vere avgrensa til ei maksimumsgrense lik den til ei kvar tid gjeldande i EØS avtalen. For tida lik 200.000 Euro til eit og same formål i ei og same verksemد i ein periode på 3 år.

Verksemder som tek i mot stønad pliktar å opplyse om at stønad er motteke frå næringsfondet ved søknad om eventuell ytterlegare stønad frå offentlege midlar innan 3 års perioden går ut. (ein viser til EØS- avtalens regelverk for offentleg stønad, reglane for bagatellmessig stønad (de minimis)).

#### **§.5 Forhold til internasjonale forpliktingar på statsstøtteområdet.**

Bruken av fondet må vere i samsvar med dei internasjonale regelverk Noreg har slutta seg til på statsstønadsområdet.

#### **§. 6 Forvaltning**

Kommunestyret oppnemner fondsstyre,(for tida formannskapet).

#### **§.7 Årsmelding**

Kvart år må det leggjast fram ei årsmelding for kommunestyret. Gjenpart av denne meldinga skal sendast til fylkeskommunen og fylkesmannen.

#### **§. 8 Godkjenning av vedtekter**

Kommunestyret kan godkjenne endringar av vedtekta. Vedtaket må godkjennast av fylkesmannen. Kopi av godkjente vedtekter skal sendast til fylkeskommunen.

#### **§ 9 Andre retningsliner**

Innafor kommunaldepartementet sine rammer skal bruk av fondet følgje dei til ei kvar tid gjeldande næringspolitiske retningsliner fastsett av kommunestyret.

Vedtekter pr. 24. juni 2015